

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV TILSKOT TIL FAGKYNDIG UTGREIING AV NATURFARE I BYGLAND KOMMUNE

Plan- og bygningslova §28-1 pålegg mange utbyggjarar i vår region kostbare utgreiing av naturfare. Kommunestyre har derfor vedteke å setje av kr. 500.000.- på budsjettet for 2024 til utgreiing av naturfare sak ?

Administrasjonen er bedt om å setje opp retningslinjer for tildeling av støtte til utgreiing av naturfare. Retningslinene skal godkjennast av PMR.

Generelt

Bygland kommune ynskjer med dette tilskotet å stimulere til nybygging for å auke busettinga i kommunen. Tilskotet gjeld foreløpig for budsjettåret 2024. Søker sender inn søknad til post@bygland.kommune.no Opplysningane i søknaden må vere relevante i forhold til fastsette vilkår for støtteordninga.

Vilkår

1. Ein kan söke om tilskot i dei område NVE sine akt som hetskart krev fagkyndig vurdering av naturfare knytta til bygging av bustad eller næringsbygg, frådeling av tomter til bustad eller næring, eller detaljplanlegging. Gjeld ikkje fritidsbustadar eller andre formål.
2. Grunneigar som søker aleine kan få tilskot på inntil kr. 30.000.- pr. eigedom
3. Grunneigarar som gjeng saman og kartlegger eit større område kan få inntil kr. 75000.- i stønad for ein rapport som inneheld meir enn 3 eigedomar.
4. Tilskotet vert gjeven til grunneigar eller tiltakshavar.
5. For å bli vurdert er det krav om godkjent søknad om tilskot, samt eit godkjent byggeløyve frå Bygland kommunen.
6. Utbetaling blir gitt så lenge der er tilgjengelege midlar.

Sakshandsaming

- Når komplett søknad er mottatt, vert søknaden handsama fortløpande.
- Søknadsfrist er fortløpande. Utgreiingar som er feridgstilt i 2024 er gjeldande
- Ved gjennomført tiltak må ein sende anmodning om utbetaling til kommunen og legge ved kostnadsoversikt og faktura for utført fagkyndig utgreiing. Den må innehalde ein situasjonsplan for bustad og tomt, fagkyndig rapport og faktura for kostnad.
- Rapporten må gjerast tilgjengeleg til bruk av Bygland kommune i framtid.
- Søknadane blir avgjort av kommunedirektøren, med klagenemnda som klageinstans.
- Ordninga gjeld fram til 31.12.2024 eller så langt løyve rekk.